



KOMMUNEPROGRAM LEIKANGER ARBEIDERPARTI

ME VIL MEIR!

LEIKANGER ARBEIDARPARTI VIL HA:

- Attraktive bustader og arbeidsplassar
- Gode og nære tenester
- Eit trygt og inkluderande oppvekst- og bumiljø

VISJON

Leikanger Arbeidarparti ønskjer ei framtid der kommunen er open, inkluderande og tilgjengeleg.

Ein kommune der kunnskap står i høgsetet, i eit solidarisk fellesskap som gjev innbyggjarane gode, trygge og likeverdige tenester.

Me vil at Leikanger skal vere ein trygg og god kommune å bu i, der folk tek vare på kvarandre og der nye innbyggjarar vert ønskt velkomne og inkludert.

Leikanger i framtida

Regjeringa si varsla kommunereform kjem til å påverke kva kommunen vår skal vere i framtida. Kommunen har ei sentral rolle i samfunnet i dag som grunnmuren i velferdssamfunnet og som myndigheitsutøvar.

Kommunen har ansvar for skule, helse, eldreomsorg og andre viktige velferdsoppgåver. Den er også ein demokratisk arena der innbyggjarane kan få innverknad på samfunnsutviklinga. Og kommunen er ein sentral utviklingsaktør i lokalsamfunnet, med viktig ansvar for arealplanlegging, støtte til næringsutvikling og livskraftige bu- og arbeidsmarknader.

Leikanger Arbeidarparti meiner at det kan vere naudsynt å gjere endringar i kommunestrukturen i framtida. Slike endringar må vere basert på kommunen si evne til å tilby heilskaplege, likeverdige og gode tenester til innbyggjarane sine.

Det er folkestyret og fellesskapet som må bestemme kva retning kommunen skal gå i vidare. Difor vil me arbeide for at ei avgjerd på dette spørsmålet skal gjerast basert på ei folkerøysting.

Folkestyre

Aktive og deltakande innbyggjarar er grunnlaget for eit godt folkestyre og eit levande lokaldemokrati. Arbeidarpartiet ønskjer eit Leikanger der innbyggjarane har reell makt over lokal utvikling. Me ønskjer at det skal vere tydeleg for innbyggjarane kva avgjerder som skal takast, og at prosessar i kommunal regi er opne og gjennomsiktige.

Leikanger Arbeidarparti vil arbeide for:

- At ei avgjerd om kommunereforma fattast med bakgrunn i ei folkerøysting
- Å sikre deltaking og involvering av innbyggjarar i politisk og frivillig arbeid
- Å skape arenaer for medverknad og deltaking for innbyggjarar, lag og organisasjonar som til dømes faste opne politikardagar og spørjetime i kommunestyret
- At kommunen skal vere open og tilgjengeleg, og at kommunale avgjerdsprosesser skal vere klare og enkle å forstå for innbyggjarane.
- Sjå på løysingar for å overføre kommunestyremøta på internett

Skule og barnehage

Eit trygt og godt barnehagetilbod gjer at born kan utvikle seg med jamnaldrande, samstundes som at foreldra har høve til å kombinere arbeid med familie. Skulen sin oppgåve er å ruste born og ungdom med kunnskap dei treng og sikre dei like moglegheiter i framtida. Foreldra skal vere trygge på at borna vert tekne vare på i skulen og at skulemiljøet legg til rette for utvikling. Mobbing skal ikkje skje i Leikanger.

Leikanger arbeidarparti skal arbeide for:

- Full barnehagedekning - sikre at alle som ønskjer barnehageplass får det, uavhengig av når på året borna er fødd
- Ei bemanningsnorm som sikrar nok vaksne i barnehagen
- Opptrapping av innsatsen for etter- og vidareutdanning av lærarar og stimulering av rettleiinga av unge lærarar
- Å hindre mobbing ved å ansvarleggjere vaksenpersonar og etablere eit kommunalt beredskapsteam mot mobbing.
- Gratis skulefruktordning for elevane i grunnskulen
- Å vidareutvikle entrepenørskapet og partnerskapet med lag og organisasjonar
- Sikre og trygge skuleveggar gjennom utbygging av Fv.185 Njøsavegen

Helse og omsorg

Noko av det viktigaste for god helse er førebygging og tidleg innsats. Innbyggjarane sine behov skal stå i sentrum for planlegging, organisering og oppbygging av tenestene. Me treng eit godt samarbeid mellom alle delar og nivå i helse-, pleie- og omsorgstenesta.

Leikanger Arbeidarparti skal arbeide for:

- Å rekruttera og behalda kvalifisert personale i helse- og omsorgstenestene, t.d. ved å opprette lærlingeplassar for helsefagarbeidarar og tilby konkurransedyktig løn
- Å leggja til rette for fagleg utvikling for dei tilsette, m.a. gjennom bruk av stipendordningar og satsing på etter- og vidareutdanning
- Ei styrka innsats knytt til psykisk helse. Kompetansehevingstiltak og rettleiing av barnehagelærarar, lærarar og helsepersonell vil bidra til å gje hjelp på eit tidlegare tidspunkt til dei som treng det.
- Eit styrka lågterskeltilbodet knytt til psykiske lidningar.
- Å sjå på korleis bruk av velferdsteknologi kan hjelpe til å leggja til rette for at dei eldre som ynskjer det kan bu heime til trass for helseutfordringar.
- Førebygging av sjukdom og lidningar ved å leggja til rette for fysisk aktivitet, t.d. gjennom auka satsing på gang- og sykkelveggar, turstiar, aktivitetsparkar og godt samarbeid med lag og organisasjonar.
- Eit aktivt folkehelsearbeid og gjennom dette bidra til å førebyggje sjukdom og lidningar
- Å sikre at førebygging og tidleg innsats er grunnleggjande i alle helsetenester og ved alle behandlingar og diagnoser
- Utviklingsplanar som syner behovet for rehabilitering og bygging av heildøgns bu- og omsorgsplassar i tilknytning til Leikanger helsesenter
- Styrka tilbod til ungdommen gjennom å ha ein rusfri fritidsklubb og reelle alternativ laga av og for ungdom
- Styrkje barnevernet m.a. gjennom eit godt kompetansehevingsarbeid.

Bustad

Det er ei politisk oppgåve å leggje til rette for at det blir bygd nok bustader. Kommunen må sikre og regulere nok areal til bustadføremål, sørge for rask byggesakshandsaming og tilby nok kommunale utleigebustader.

Leikanger arbeidarparti skal arbeide for:

- Å kartlegge noverande og framtidige bustadbehov og setje klare mål for bustadbygginga gjennom ei kommunal bustadplan i tråd med forventta vekst
- Gjennomføring av effektive planprosessar
- Å sikre nok tilgjengelege tomter til bustadbygging
- At kommunen skal legge til rette for ei god formidling av leigebustader
- At 75 % av nye bustadar skal vera i sentrumsområdet
- Å vurdere kjøp eller bygging av kommunale gjennomgangsbustadar

Næring og verdiskaping

Vi må skape for å ha noko å dele. Utvikling av eit framtidsretta og miljøvenleg næringsliv er ei føresetnad. Dei offentlege arbeidsplassane som Leikanger er vertskommune for er ryggraden i arbeidsmarknaden i kommunen vår. Vi må sikre at vi får verdiskaping og vekst også i dei andre næringane vi har. Samarbeidet med nabokommunane om å vidareforedle ein felles bu- og arbeidsregion er sentralt i næringsutviklinga vår. Leikanger har ei svært kompetent arbeidskraft, både målt ut frå utdanning og realkompetanse. Vi ønskjer ei vekst i Leikanger som er basert på innovasjon og nyskaping.

Leikanger arbeidsparti skal arbeide for:

- Stimulere samarbeidet mellom kommune og næringsliv for felles utvikling og nyetableringar
- Sørge for eit sterkt og effektivt verkemiddelapparat for næringsutvikling i kommunen
- Ivareta rolla som vertskommune for offentlege arbeidsplassar
- Gjere kommunen attraktiv for nyetablering av arbeidsplassar gjennom ei aktiv næringspolitikk
- Utvikle Tinghus anlegget til eit framtidsretta kontorlokal
- Styrka vedlikehald av kommunale bygg
- Leggje til rette for utvikling av tomteareal for fritidsbustader/hytter ved sjø og fjell i samråd med grunneigarane

Klima

Kommunen sit på viktige verkemiddel som må takast i bruk for å møte klimaendringane, og bidra til å redusere utslepp av skadelege klimagassar. Klimaperspektivet må vere ein del av all kommunal planlegging, kommunen må ta klimaomsyn i verksemda si, og dei tilsette i kommunen må ha god kunnskap om klima og miljøomsyn.

Leikanger arbeidarparti skal arbeide for:

- Å sørge for at kommunale tenestebilar skal vere miljøvenlege
- Å leggje til rette for bruk av elbilar og ladbare hybridbilar, m.a. ved å ha ladepunkt ved offentlege bygg
- Gode gang- og sykkelveggar og vidareutvikle samarbeidet om dette med nabokommunane
- Å vere ein aktiv pådrivar for å utnytte fjordvarme og andre alternative energikjelder ved bygging av både bustadar og næringsbygg, og vurdere å etablere ei kommunal støtteordning for slike tiltak
- At fleire verksemdar vert sertifisert som miljøfyrtårn
- At det i all kommunal planlegging vert teke omsyn til konsekvensane av klimaendringane

Kommunen som arbeidsgjevar

Den viktigaste ressursen i kommunen er menneskja som arbeider i den. Me har eit ansvar for å organisere dei kommunale tenestene på ein måte som gjer dei endå meir attraktive som arbeidsplassar. Kommunen har eit ansvar for å føre ei inkluderande og open personalpolitikk som byggjer opp om dei tilsette sin kunnskap og kompetanse.

Leikanger arbeidsparti skal arbeide for:

- Auka satsing på kompetanseplanar for kvar enkelt eining i kommunen
- At kommunen som arbeidsgjevar legg til rette for fagleg utvikling og etter- og vidareutdanning
- At kommunen skal ta inn fleire lærlingar og leggje til rette for praksisplassar
- Å innføre løna trening i arbeidstida for kommunalt tilsette
- Å ta i bruk ny teknologi som lettar arbeidskvardagen for dei tilsette i kommunen.

Frivillig arbeid, idrett og kultur

Gjennom frivillig arbeid vert det skapt møteplassar for folk, utvikla fellesskap og eit attraktivt og godt lokalsamfunn. Lokalt kulturliv og lokale idrettslag og organisasjonar er i tillegg med på å føre folk nærare kvarandre og dei er viktige bidrag til ei god folkehelse.

Leikanger arbeidarparti skal arbeide for:

- Stimulere og legge til rette for frivillig samfunnsbyggjande arbeid og kommunalt samarbeid med frivillige organisasjonar
- Stimulere til at pensjonistar og andre ressurspersonar deltek i det frivillige arbeidet i barnehage, skule og fritidsaktivitetar for barn og unge.
- Sikre at natur og idrettsanlegg også er tilgjengeleg for dei med redusert funksjonsevne
- Vidareføre utlånsordninga av sport- og fritidsutstyr i utstyrsentralen
- Støtte ei vidare opprusting av idrettsanlegget ved Leikanger Barneskule
- Arbeide for at det skal byggjast ballbinge og aktivitetspark i sentrum på Hermansverk
- Leggje til rette for ei vidare utvikling av Fylkesmannsstrondi ved å byggje toalett- og garderobeanlegg
- Lage ei strandsonoplan og sjå på moglegheiter for å lage ei fjordsti på delar av strekninga frå Hanahaug til Borggarden
- Utvikle bibliotekenesta som informasjonsformidlar og møteplass
- Sikre gode arbeidsvilkår i kyrkja

Regional utvikling

Leikanger arbeidarparti skal arbeide for:

- Leikanger kommune skal vere ein aktiv medspelar for å utvikle Midtre og Indre Sogn som eitt felles bu- og arbeidsområde. Kommunen skal ta initiativ til eit tettare samarbeid for å utvikle gode tenestetilbod, næringstiltak og anna utviklingsarbeid i fellesskap
- Kommunikasjonen i mellom indre og midtre Sogn må betrast med ei auke i ferjefrekvensen og nattferje på trekantsambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik. Ei opprusting av Rv 55 Sognefjordvegen strekninga Hella-Leikanger er heilt sentralt i dette arbeidet
- Flyplasstilbodet ved Sogndal lufthamn må betrast, regionale bussruter styrkast og Sognebåten må behaldast for sikre gode kollektivtilbod for innbyggjarane våre

Kandidatane våre

Jon Håkon Odd

Cecilie Njøs

Henny Kristin Asperanden Navarsete

Erlend Fardal Lunde

Alison Lysholm Furehaug Molland

Bjarne Sjøthun

Wenche Karin Aas Kristiansen

Haavard Stensvand

Ann Kristin Sæbø

Jarle Andersen

Kirsti Bergfald Svangstu

Ronny Rydningen

Ingvild Ramstad

Andreas Rendedal Thue

Karoline Sterri Karlsson

Øystein Lunde

Ruth May Odd

Jan Ole Abrahamsen